Kommunedelplan for naturmangfald og karbonrike areal i Vindafjord kommune

Vindafjord har verdifull natur i skog, fjordar, vassdrag, kulturlandskap og fjell. Kommunen har kartlagt meir natur både i 2025 og i 2026. Under kartlegginga i 2025 blei det funne over 600 artar som ikkje tidlegare var registrerte i kommunen. Samstundes er det mange område me ikkje kjenner til.

Naturen kan bli påverka når areal blir bygde ut eller delte opp, når vassdrag blir endra, og når kulturlandskap gror att.

Naturmangfald: variasjon av natur, plantar og dyr.

Karbonrike areal: lagrar karbon, t.d. myr og skog. Når slike område blir bygde ned eller drenerte, kan karbon bli sleppt ut.

Kva foreslår planen?

- Kartleggje meir natur og bruke kunnskapen før det blir bestemt kvar det skal byggjast
- Ta vare på grøne område og samanhengar mellom dei
- Undersøkje moglegheitene for å restaurere grøfta myr og opne lukka bekkar
- Drifte kommunale grøntområde meir naturvenleg og leggje til rette for insekt
- Etablere skulehage og eit insektsvenleg område i Sandeid
- Gjennomgå område som tidlegare er sett av til utbygging. Dette blir kalla planvask

Planen viser også område i kartet der naturen bør få særleg merksemd, kalla omsynssoner. Ei omsynssone betyr ikkje automatisk at området er verna eller at det er forbode å byggje der, men at det skal takast særleg omsyn til naturverdiane der, og det skal vere vanskelegare å byggje ut.
Det er også laga føresegner som skal setje naturen framfor utbygging, og retningslinjer for korleis me i kommunen skal vurdere naturverdiar i utbyggingssaker.

Vegen vidare:
Planen er eit forslag, ikkje ein ferdig vedteken plan. Den skal behandlast politisk og er foreslått sendt på høyring i seks veker. Då kan innbyggjarar og andre interesserte seie si meining før planen blir endeleg behandla.

Koparsmella er ein ansvarsart for Vindafjord kommune. Det vil seie at vi har ekstra ansvar for at den blir teke vare på, og har stadar å bu.
Ein trudde lenge at koparsmella var utdøydd, men dei siste åra har det blitt gjort nærare 60 funn av billa her i kommunen!



Ungdomsrådet si oppgåve:
Ungdomsrådet har tidlegare peikt på at urørt natur, fjordar og grøne område er viktige, og at planen må brukast aktivt.

Kommunen ynskjer no innspel til det konkrete planforslaget.

Lenkje til planforslag her.

Heile saksframlegget vil bli tilgjengeleg på heimesida til kommuna, under saksdokumenta til formannskapsmøtet 24. november.

Spørsmål vidare til ungdomsrådet:

1. Kva tiltak i planen meiner dykk er viktigast å gjennomføre fyrst?
2. Er det naturområde eller naturverdiar som er særleg viktige for barn og unge, som planen bør leggje meir vekt på?
3. Korleis kan kommunen informere og involvere ungdom når planen skal fylgjast opp?